

PEPPERKAKEBYEN 2024

OPNAR LAURDAG 7. DESEMBER!

PREMIE TIL DET KULASTE BYGGVERKET

HJELP OSS Å BYGGE AGDERS TØFFASTE PEPPERKAKEBY!

PEPPERKAKEBYGNINGAR KAN LEVERAST PÅ GRENDEHUSET I OPNINGSTIDA

7.12.24

LaurdagsOpe Grendehus

Hovden grendehus 11-15

Joleverkstad, kafé,
ope bibliotek
Kino frå klokka 15.00

Jolehelsing frå ordføraren

Året går mot slutten, no står snart jolehøgtida for døra. Då kan me alle senke skuldrane, og la jolefreden kome. Så kan det vere travelt nok, med alt som skal gjerast i innspurten – me bør likevel unne oss ein pust i bakken viss me kan.



Det er urolege tider, mykje av det ein ser rundt om i verda er til å bli motlaus av. Då er det ekstra viktig å gjere rom for ettertanke. For det er jo trass i alt mykje som går bra også! Me er så heldige at me bur i eit fritt land der dei fleste har det godt, der me har det me treng og veit at me alle kan vere med i demokrati og samfunn. Det skal me vere takksame for.

Samhaldet i eit bygdesamfunn som i Bykle kommune er noko eg ynskjer å peike ekstra på no før jola kjem. For det er styrke i det samhaldet me har i det daglege. Mangfaldet likeeins. Mangfaldsfesten på Hovden nyleg, med mat frå 19 ulike nasjonar – alle med fastbuande representantar i kommunen, viser breidda me bur og lev i. Det er flott! Også med tanke på å motarbeide utanforskap og jobbe for integrering er mangfald og samhald nøkkelord.

Jola kjem med mykje kos, tid til familie og vener – og ikkje minst all den gode maten. Det må difor vere lov å kome med ei oppmoding om at me alle også bør bevege litt på oss i jola! Me som bur i Bykle kommune har naturen som tumleplass like utanfor stogedøra – gjer deg nytte av alle mogelegheitane! Ein liten trimtur også i jola kan vere til nytte både for kropp og sjel.

Til slutt vil eg rette ei stor takk til dei som må på jobb når me andre skal ha jolefri. Innsatsen sikrar beredskap og tryggleik i kommunen vår – året rundt. Det set eg stor pris på. Eg vil også takke kommunestyret for godt og konstruktivt samarbeid i året som har gått. Saman skal me arbeide vidare til beste for alle i Bykle kommune.

Til alle saman: god jol og eit riktig godt nytt år!

Hans Blattmann

Hans Blattmann

Joleverkstad på Setesdalsmuseet

Vi feirer 1. søndag i advent, og ynskjer alle hjarteleg velkomne

14.00 Joleverkstad

16:30 Jolegrantenning og fakkeltog

17:00 Ljosmesse i Hylestad Kyrkje

Bygdekvinnelaget sel pølser, kaker og kaffi. Fri inngang. Passar for alle.

Opningstider kulturhus

Hovden grendehus og bibliotek tlf. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tlf. 476 85 262
Måndag-torsdag kl. 8-21	Måndag kl. 10-16.30
Fredag kl. 8-16	Torsdag kl. 10-16.30
Stengt 24.-29. desember og 1. januar.	Meiroppe bibliotek alle dagar kl 7-23
Redusert opningstid 9-16 23.,30. og 31. desember og veke 1 2025	Stengt veke 52 og veke 1 2024

Kulturavdelinga er på Spond! Kode: IFZBR Spond

Samarbeid om beredskap

Kommunane Bykle og Valle har inngått formelt samarbeid om beredskap. I år har mellom anna det resultert i felles øvingar i kriseleinga. Opplegget skal halde fram også neste år.



www.bygdekinoen.no
med atterhald om endringar

7.12 Hovden grendehus


15.00 Vaiana 2

17.00 Gladiator 2

9.12 Bykle samfunnshus

18.00 Vaiana 2

20.00 We Live In Time



Bykle IL og Hovden Sportsklubb skal arrangere NM i langrenn på Hovden. Det vil vere konkurransedagar frå torsdag 27.mars til søndag 30.

mars 2025. Det kan òg vere behov for hjelp i dagane før sjølve konkurransedagane. Vi som arrangørar treng hjelp til mange ulike ting. Har du lyst og moglegheit til å vere frivillig?

Ta kontakt med Roar Hjelmeset på roar@hovdentour.no.





Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR-koden ->



Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Frivilligsentralen har starta opp nye aktivitetar i haust i tillegg til tidlegare aktivitetar. Aktivitetane har lågterskelprofil. Det vil seie at alle kan bli med, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Meir informasjon om aktivitetane finn du på Bykle Frivilligsentral		Kl. 10.00-11.00 Yoga for alle Hovden Grendehus	Kl.11.00-12.30 Turgruppe Oppmøte Hovden Grendehus	Kl.11.00-12.00 Seniortrim Bykle Samfunnshus	

MÅNADENS BOK

Boksirkelen møtast måndag 9/12 klokka 19 i biblioteket i Hovden grendehus. Me les boka "Mormors utrolige venninner" av Trude Teige.

Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Med venleg helsing
Merete, Bykle Frivilligsentral og
Magnus, Bykle folkebibliotek

Joleavslutning seniortrim og kafé

torsdag 5. desember kl. 12.00
Bykle samfunnshus - biblioteket

Musikalsk innslag ved Maija Lindaas og enkel servering. Trim er som vanleg frå 11.00 til 12.00.

Opent for alle - både deg som har vært med før og nye brukarar. Velkomen!

FRIVILLIG SENTRAL

Melding fra NAV

Julen nærmer seg, og økte utgifter i forbindelse med julefeiringen kan gi rett til ekstra støtte til økonomisk sosialhjelp etter sosialtjenesteloven.

I forbindelse med høytider kan det være behov for ekstra støtte til mat, gaver eller andre utgifter knyttet til feiringen. Det kan og gis støtte til nødvendige utgifter for at barn og unge skal kunne delta eller feire høytiden, og ulike aktiviteter for å markere høytiden, organisert av skole, frivillige eller private arrangement.

Økonomisk sosialhjelp etter sosialtjenesteloven er et viktig sikkerhetsnett i samfunnet, spesielt i en tid med økte levekostnader. Har du utfordringer med å dekke utgiftene i forbindelse med julefeiringen kan du søke Nav om økonomisk sosialhjelp på nav.no/sosiale_tjenester eller ta kontakt med oss på telefon 55 55 33 33.

språkkafé

Joleavslutning for språkkaféen blir tysdag 10. Desember i Hovden grendehus

"Språkkafé er ein møteplass mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir muligheit for å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk i trygge omgjevnader og bli kjent med folk og staden."

Ta kontakt med merete.egeland@bykle.kommune.no om du vil bidra som språkvert.

Tømekalender

Restavfall: 11.12, 08.01
Matavfall: 11.12, 03.01
Papir, glass/metall, plast: 03.01

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:
Kvar torsdag: 12:30 - 18:30
Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Rådhuset er stengt frå 23.12 til og med 1.1



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Onsdag 11.12 kl.12.30 Andakt på Bykleheimen
Sundag 15.12 kl.16.00 Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren i Bykle

Gudstenester

Sundag 01.12 kl.11.00 Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje
Sundag 08.11 kl.16.00 Ljosmesse og jolekonsert, Bykle kyrkje
Innslag av barnekor, vaksenkor og korps.

Tysdag 24.12. kl.13.30 Jolegudsteneste, Hovden grendehus
Tysdag 24.12 kl.15.00 Jolegudsteneste, Bykle kyrkje

Andre samlingar

Tysdag 26.11 kl.19.00 NLM-møte med Leif Holthe, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Onsdag 27.11 kl.19.00 NLM-møte med Leif Holthe, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Torsdag 28.11 kl.19.00 NLM-møte med Leif Holthe, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Torsdag 28.11 kl.20.00 Jolekonsert med Rakkel, Fjellgardane kyrkje
Onsdag 11.12 kl.19.00 Jolekonsert med Bjørø Håland, Bykle kyrkje
Måndag 16.12 kl.19.00 Jolekonsert med Kim Rysstad, Bykle kyrkje

"Eg vonar min jolekonsert kan gje deg eit lite pusterom, og tid til ettertanke i den ellers travle førjolsstida." - Kim

Fredag 10.01 kl.17.00 Joletreff, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Onsdag 29.01 kl.19.00 Misjonssambandet-møte med Odd Eivind Stensland, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Torsdag 30.01 kl.19.00 Misjonssambandet-møte med Odd Eivind Stensland, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Fredag 31.01 kl.19.00 Misjonssambandet-møte med Odd Eivind Stensland, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Laurdag 01.02 kl.19.00 Misjonssambandet-møte med Odd Eivind Stensland, Kyrkjekjeddaren i Bykle
Sundag 02.02 kl.11.00 Misjonssambandet-møte med Odd Eivind Stensland, Kyrkjekjeddaren i Bykle



AKT Svipp
Måndag og torsdag kl. 08:30 - 14:30

907 16 815
Måndag og torsdag kl. 08:30 - 14:30

Joletreffest

for store og små i Bykle kyrkje Kyrkjekjellaren, fredag 10. januar-25, kl.17 Varm mat Joletrengang Kaker, brus og kaffi Ta gjerne med restar av jolebakst.

Bordkonkurranser. Kanskje er vi heldige med å få leikar og innslag ved speidarane?

Arr: Bykle Sokneråd

Ollie Rysstad

er frå august tilsett i ei prosjektstilling som trusopplærar og kyrkjelydsarbeidar i kyrkja i Bykle. Han skal vere aktivt med i konfirmantarbeidet, og er også kyrkjetenar på gudstenester og gravferder.

Ynskjer du å ha eit møte i kyrkjekjeddaren eller ein konsert? Eller har du andre spørsmål retta til kyrkja i Bykle? Då kan du ta kontakt med Ollie.

Han har kontor i kjellaren på rådhuset i Bykle, og har kontortid dagtid kvar dag. Tlf: 971 92 936 / E-post: ollie.amadeus.kiland.rystad@bykle.kyrkja.no

Velkomen innom!

Bykle og Fjellgardane Kyrkje v/ Soknerådet

6. og 7. januar er det møte i Kyrkjekjeddaren i Bykle Kyrkje kl 19.00 med Alf Halvorsen.

2. og 3. april er det møte i Kyrkjekjeddaren i Bykle Kyrkje kl 19.00 med Arne Inge Vålandsmyr

Arr: Bykle Normisjon

Kurs med Bykle husflidslag våren 2025

Me arrangerar kurs i rundtrøye! Oppstart måndag 17.februar.

Kurslærer er Laila Rysstad. Kurset er på 70 timar og går kvar måndag i Lislestog.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl: jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235, innan 6.januar.

Medl. 40,-/time, ikkjemedl. 70,-/time. Kursmateriell kjem i tillegg. Fleire kurs for våren blir annonsert seinare.

Arr.: Bykle husflidslag

